

9-12. august 2016



Båtlaget **Njord** Tysnes
inviterer til

Siglar-veko



Tidspunkt

Tysdag 9. august – fredag 12. august kvar dag frå 1000-1600.

(Laurdag 13. august og søndag 14. august arrangerer Njord/Tysnes Oselvar-NM.)

Deltakarar

Siglarveko er eit tilbod for alle som har lyst til å sigla!

(Dersom du er under 13 år og ikkje har sigla før, ver merksam på at Njord/Tysnes arrangerar *Sjøsportveko* 11-15. juli for barn frå 8 år.)

Båtar

Njord/Tysnes skaffar sprisegrigga Oselvarar med regattarigg. Dersom deltakarar ynskjer å ha med eigen båt, anten Oselvar med regattarigg, tradisjonelt rigga Oselvar eller anna tradisjonsbåt, så er dei hjarteleg velkomne til å det.

Undervisning

Det vert både teoretisk undervisning på land og på kaien under opprigginga. Utpå fjorden vert det gode høve til å sigla mykje og trena under oppsyn av instruktørar i følgjebåtar. I starten av veka kan instruktørar óg vera med om bord i seglbåtane. Lunsjen nyt me i land. Fredagen avsluttar me med ein uhøgtideleg regatta.

Overnatting

For tilreisande tilbyr Njord/Tysnes innkvartering med tilgang på sovesal (sovepose og luftmadrass), opphaldsrom, kjøkken, dusj, toalett.





Base

Dersom det er stor deltakar-interesse vil Siglarveko ha base i Våge hamn og ungdomshuset Vonheim. Dersom interessa er meir avgrensa vert basen ved Njord/Tysnes sitt anlegg i Njordstø.

Mat og sosialt

Njord/Tysnes vil freista å organisera servering av varm mat ved innkomsten på ettermiddagen. I løpet av Siglarveko vert det óg fleire arrangement på kveldstid. Meir info om dette kjem etter kvart.

Påmelding

Påmeldingsskjema finn du via nettsida www.sigling.no Påmeldingsfrist: 1. juli 2016.

Pris

Deltakaravgift 1200 kroner. Dette inkluderar medlemskap i Njord/Tysnes. For medlemar i Njord/Tysnes er prisen 900 kr. Du betalar deltakaravgifta online i samband med påmeldinga.

Meir info

Seinast 1. juli 2016 vert det publisert nøyaktig timeplan på www.sigling.no som viser innhaldet i Siglarveko. Du kan óg følgja Siglarveko på Facebook: <https://www.facebook.com/events/450521768477734/>.

Spørsmål

Kontakt Kjell Magnus Økland på 95 04 67 39 eller kjellmag@gmail.com



www.sigling.no



Snakkast på

Siglarveko

